

# Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

## - søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller [fylkesarkivet@hfk.no](mailto:fylkesarkivet@hfk.no) innen **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, [anne.aune@hfk.no](mailto:anne.aune@hfk.no), 55239956

1. Søkjar		
Namn på søkjar:	Radøy sogelag	
Organisasjonsnr:	997 609 220	
Kontaktperson:	Einar Borgund	
Adresse:	Raunholmskogen 27, 5936 Manger.	
Telefon:	90795108	E-post: <a href="mailto:einar.borgund@bkkfiber.no">einar.borgund@bkkfiber.no</a>
Skattekommune:	Radøy	
Medlemstal:	240	

2. Søknad	
<b>Totalbudsjett:</b>	<b>Søknadssum:</b>
Trtykking kr. 20.000	Radøy sogelag søker om tilskot på kr. 30.000,-.
Layout / design " 4.000	Tilskotet kan betalast til:
Klargjering trykk " 1.000	Bankkonto 3636. 50. 55844
Biletkorreksjonar " 1.500 (dugnad)	Radøy sogelag
Korrektur " 4.000 (dugnad)	v/ Liv Berit Rath, Nordre Austmarka 55, 5938 Sæbøvågen.
Distribusjon " 2.000	Finansiering:
Diverse, Utkøyring m.m. 1.000	I den grad me ikkje får omsøkte tilskot, må tiltaket finansierast med laget sine oppsparte pengar. (Medlemspengar m.m.)
<b>Sum kr. 33.500</b>	
<b>Tidsskrift/publikasjonar:</b> Årlege medlemshefte med lokalhistorisk stoff. I 2011 gav me ut boka "Krigsår på Radøy 1940 -1945". Personar som hadde opplevd krigen fortalde her <a href="#">si historie</a> . I 2014 kom boka "Eg likar Radøy best" om Radøy kommune si 50-årige historie. Var eit samarbeidsprosjekt med kommunen. Radøy sogelag var og medverkan- de til boka "Nordhordland 1814 – 2014". I 2015 gav me ut medlemsbladet "Historia om bureisaren og nyrydjaren i Radøy".	

### Skisse for prosjektet:

Medlemsblad med lokalhistorisk innhald. Form og layout som tidlegare år, om lag 70 sider og prenta i 500 eksemplarer. Laget sit skriftstyre står ansvarleg for prosjektet. Styret for sogelaget har det økonomiske ansvaret. Sogelaget har oppmoda både medlemmer og andre om å koma med historier og bilete som måtte høve for eit slikt medlemsblad. Skriftstyret gjev skrivehjelp for dei som måtte ha trong til det.

### Mål og framdriftsplan for prosjektet:

Heftet må vere ferdig trykt til midt i november. Det skal gå som julehelsing til medlemmane. Både skriftsnemnda og styret gjorde tidleg på året vedtak om at medlemsbladet skal ut i år og. Om me ikkje får tilskot, så vil styret finansiere tiltaket ved hjelp av oppsamla pengar. Skriftsstyret er alt i gang med å samle stoff.

Naturleg nok er innhaldet i hefte endå ikkje avklara. Men eit par tema er bra på plass.

*Det store sildekastet i Mangersfjorden for 100 år sidan.* Sogelaget hadde dette som tema under kulturdagane og mykje folk møtte fram. Det var stor interesse for sild og salting, fangstmetodar, båtar og reidskapar frå den tida.

*Eit staseleg brueråkle* som pryder veggen i gamlestova på Solheim må òg få si historie i dette medlemsbladet.

”Vevkunstnaren” Kristi Skinntveit har samla historia. Sogelaget har fått løyve til å prente brudeåkleet si historie.

### 3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):

Det er sogelaget sitt skriftstyre som har ansvaret for gjennomføring av prosjektet. Det økonomiske ansvaret ligg til styret. Tidlegare medlemsblad har vore mykje omtykt, og det er sterkt ønskje om medlemsblad òg dette året. Mange av medlemmane er av den årgang som ikkje handterer ”data”, og kan då ikkje nyttiggjere seg laget si heimeside eller facebook. I den grad me ikkje får omsøkte tilskot, må finansieringa skje med laget sine oppsparte midlar.

Me har ingen samarbeidspartnere, men ”bidragsytere”, - medlemmer og andre som leverer stoff og bilete. Mykje dugnadsarbeid vert lagt ned i dette prosjektet.

Innhaldet i bladet kan bli mykje variert. Frå minner frå eige levd liv til historier og bilete frå skuffer og skap.

Radøy er ei fiskarkommune. Ikkje minst dei store sildekasta har fått si historie. I år er det 100 år sidan det store sildekastet i Rossnesbukta ved Mangerøy. Det vert omtala som eit av historias største landnotsteng. Det var etterkrigstid med svolt og naud i Europa. Dei lokale notlaga oppnådde eventyrlege inntekter frå dette kastet. Silda og det store sildekastet var tema under kulturdagane. Dette må òg få sin plass i medlemsheftet.

Historia til eit brureåkle, veve av Else Marie Titland (1825 – 1910) som brudegåve til søskenbarnet Helene Morken då ho gifte seg i 1842. Om dette åkleet skriv ”vevkunstnaren” Kristi Skinntveit: *Åkleet er sjølvsgatt handspunne og plantefarga og viser sers fint arbeid. Eg er imponert over at Else Marie berre var 16 – 17 år då ho vov det, men jamført med krav og forventningar på den tida var det naturleg (Christensen: 84). Om Else Marie ”utbroderte” grunnmønsteret sjølv, hadde ho ein spesiell givnad, men var nok òg inspirert av giftarmålet til kusina.*

Kristi Skinntveit skal i løpet av sumaren presentere dei ”funn” ho har gjort i høve dette spesielle åkleet. Sogelaget har fått løyve til å prente dette i medlemsbladet.

Me vonar på størst mogeleg tilskot til medlemsbladet !

*Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.*